



Rolf Helge Hellebø  
Åmundsleitet 97  
5115 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/16973 - 21/2593

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune  
.no

Dato:  
14.01.2021

## Avvist klage på gebyr - gbnr 345/47 og 345/27 Vikebø

**Administrativt vedtak:** Saknr: 069/21  
**Tiltak:**  
**Byggjestad:** Gbnr: 345/27  
**Tiltakshavar:** Rolf Helge Hellebø  
**Ansvarleg søkjar:** Rolf Helge Hellebø

### VEDTAK:

**Klage datert 08.12.2020 vert avvist med heimel i forvaltningslova § 33.**

Alver kommune viser til klage datert 08.12.2020 på vedtak datert 26.11.2020 om tilkomstveg og dispensasjon frå planføremålet. saksnr 20/16973. Klage gjeld for gebyrsats nytta ved sakshandsaming.

### Vurdering

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annan med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

I forvaltningslova § 2 1.ledd bokstav ber eit enkeltvedtak eit vedtak som gjeld «rettigheter eller plikter til en eller fleire bestemte personer».

I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyr-forskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ilegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebyrsatsar så framt det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjera kva gebyr som skal leggjast til grunn i den einskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjønnsjærningar.

Vi syner til vårt gebyrregulativ og satsar for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19:

### 9 Dispensasjonssak (pbl. kap. 19)

		2020	2021
9.1.	<b>Dispensasjon landbruk, natur og friluftsføremål (LNF)</b> Dispensasjon som gjeld mindre tiltak etter pbl §§ 20-4 bokstav a, c og 20-5 inkl. mindre VA- anlegg og leidningstrase.	3.900	7.500
9.2	<b>Dispensasjon</b> Andre dispensasjonar frå lov, plan og forskrift.	10.300	17.000

Av regulativet går det fram at kommunen har to satsar som skal nyttast ved handsaming av dispensasjon. 9.1 skal nyttast for handsaming av søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplanen for mindre tiltak, herunder mindre VA-anlegg og leidningstrase samt anna mindre tiltak der vurdering av anna lovverk ikkje er naudsynt. Då søknaden din ikkje gjaldt dispensasjon frå LNF-føremålet, er det ikkje grunnlag for å fakturere etter pkt 9.1. Då skal pkt 9.2 leggjast til grunn.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnleggjast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Mottakarar:

Rolf Helge Hellebø

Åmundsleitet 97

5115 ULSET

